



Stad kommune

NYTT frå Stad kommune / 3. juni 2020

Til tilsette i Stad kommune

OPPDATERT INFO OM SMITTEVERN - KORONA

Endra råd om avstand mellom tilsette på arbeidsplassen

I informasjonsskriv frå 13. mai 2020, vart alle tilsette i Stad kommune råda til å halde 2 meters avstand til andre på arbeidsplassen for å unngå karantene om ein av dei tilsette skulle få påvist Covid-19. Bakgrunnen for dette rådet var dei nasjonale retningslinjene som tilsa at alle nærkontaktar til personar med påvist smitte, måtte halde seg i karantene og vekke frå arbeidsplassen i ti dagar.

Du vert framleis definert som nærkontakt om du har hatt kontakt med ein person med påvist Covid-19 på følgende måtar innanfor dei siste 48 timane før personen fekk symptom og i tida etterpå:

- **Husstandsmedlem eller tilsvarande nær kontakt**
 - Bur i same husstand.
 - Har hatt tilsvarande omfattande eller fysisk nær kontakt som i ein husstand (for eksempel kjærast, næraste kollegaer i kontorfellesskap, same kohort i barnehage eller skule til og med 4. trinn).
 - Har pleia den som er bekrefta smitta eller hatt tilsvarande nær fysisk kontakt, utan å ha brukt anbefalt verneutstyr.
- **Andre nærkontaktar**
 - Innandørs: Mindre enn 2 meters avstand i meir enn 15 minutt samanhengande med ein person som er bekrefta sjuk med Covid-19.
 - Ute: Mindre enn 2 meters avstand i meir enn 15 minutt samanhengande, ansikt til ansikt, med ein person som er bekrefta sjuk med Covid-19.
 - Har hatt direkte fysisk kontakt (til dømes ved handhelsing) med ein som er bekrefta sjuk med Covid-19 (utan bruk av anbefalt verneutstyr).

Retningslinjene er frå 1. juni endra slik at det berre er dei som er husstandsmedlemmar eller har hatt tilsvarande nær kontakt med den smitta, som må i karantene. Alle andre nærkontaktar slepp karantene så lenge dei let seg følge opp og teste for Covid-19 på dag 3 og 7 etter eksponering for smitte. Organisasjonen er på bakgrunn av dette ikkje like sårbar for at mange tilsette kan komme i karantene, og ein kan tillate at tilsette har mindre avstand enn to meter i arbeidskvardagen. Dette vil gjere det lettare å gjennomføre til dømes møter, kurs og andre aktivitetar der fleire må samlast.

Som tilsett i Stad kommune bør du frå no av, i alle situasjonar der det let seg gjere, halde minst éin meters avstand til dei du arbeider saman med for å redusere risiko for smitte.

Hugs også dei universelle smitteverntiltaka:

- Hald deg heime om du er sjuk
- Hald avstand til andre
- Hald fram med god handhygiene



THOMAS VINGEN VEELD
KOMMUNEOVERLEGE STAD KOMMUNE